

**SUBJUNKSJONAR ..... 2**

## SUBJUNKSJONAR

**Subjunksjonar** er ord vi bruker for å innleie leddsetningar, f.eks. **at, om, som, då, når, fordi**. I eksempla under har vi utheva leddsetningane. Subjunksjonane står fremst i leddsetningane.

Leo seier **at han vil bli fotballspelar**.  
Luisa spør **om han vil bli med på kino**.  
Carmen har ein son **som speler fotball**.  
Ho kom til Noreg **då ho var vaksen**.  
Eg blir glad **når sola skin**.  
Han kjem ikkje **fordi han er sjuk**.

**Merk! At** bruker vi ofte saman med verb som **seie, svare** eller **fortelje**.

**Om** bruker vi ofte saman med verb som **spørje** og **lure på**.

### 1

**Set inn at eller om.**

Irina fortel \_\_\_\_\_ ho skal reise til Oslo i helga.

Mohammed seier \_\_\_\_\_ han vil bli ingeniør.

Læraren spør \_\_\_\_\_ dei vil syngje ein song.

Eg lurar på \_\_\_\_\_ du vil vere med på kino.

Han svarer \_\_\_\_\_ han gjerne vil vere med på kino.

Læraren spør \_\_\_\_\_ Carmen vil ha hjelp til oppgåva.

Leo veit ikkje \_\_\_\_\_ han kan kome på trening i kveld.

Arne seier \_\_\_\_\_ Luisa må kome heim klokka 23.00.

Ho fortel \_\_\_\_\_ ho har vore i Ghana to gonger.

Luisa spør \_\_\_\_\_ ho kan få vere ute ein halv time lenger.

Carmen seier \_\_\_\_\_ ho ikkje får lov.

Vi lurar på \_\_\_\_\_ du har klart å løyse oppgåva.

Dei vil gjerne vite \_\_\_\_\_ vi liker å bu i Noreg.

Vi svarer \_\_\_\_\_ vi liker å bu i Noreg.

**Då eller når?**

**Når** blir brukt om noko som vanlegvis skjer. **Då** blir brukt om ei spesiell hending i fortida, og blir derfor brukt saman med verb i fortid.

**Då** Leo var fem år, lærte han å symje. (Den gongen då Leo var fem år, lærte han å symje.)

**Når** Leo kjem heim frå skulen, ser han på TV. (Kvar gong når Leo kjem heim, ser han på TV.)

**Merk!** Den gongen då ...  
Kvar gong når ...

**2****Set inn *då* eller *når*.**

\_\_\_\_\_ eg blir stor, skal eg bli brannmann.

Leo kom til Noreg \_\_\_\_\_ han var elleve år.

\_\_\_\_\_ det er fint vêr, går vi alltid på tur.

\_\_\_\_\_ sola kom fram, gjekk vi ein lang tur.

\_\_\_\_\_ eg var på ferie, fekk eg sjå mange nye stader.

\_\_\_\_\_ eg er på ferie, liker eg å slappe av.

\_\_\_\_\_ han var 16 år, begynte han å røykje.

\_\_\_\_\_ han blir 25, skal han slutte å røykje.

Kvar gong \_\_\_\_\_ vi besøker bestemor, får vi kaker.

Eg må alltid passe på uttalen \_\_\_\_\_ eg pratar norsk.

Leddsetningane får ulik tyding alt etter kva for ein subjunksjon vi bruker. Vi kan derfor dele subjunksjonane i grupper etter kva leddsetninga fortel om. Her er nokre eksempel:

<b>Tid:</b>	<b>då, når, etter at, før, medan, i det same, samtidig som</b>
<b>Årsak:</b>	<b>fordi, ettersom, sidan, på grunn av at</b>
<b>Følgje:</b>	<b>slik at, så ... at</b>
<b>Føremål:</b>	<b>for at, slik at, så</b>
<b>Vilkår:</b>	<b>viss, om, dersom</b>
<b>Motsetning:</b>	<b>sjølv om, enda, trass i at</b>

## 3

**Set inn ein subjunksjon som fortel om tid.**

Bestefar gjekk ikkje i barnehage \_\_\_\_\_ han var barn.

Vi bruker å høyre på musikk \_\_\_\_\_ vi les lekser.

\_\_\_\_\_ ho kom inn døra, ringde skuleklokka.

Ho får ofte vondt i hovudet \_\_\_\_\_ ho er trøtt.

\_\_\_\_\_ eg flytta til Hareid, budde eg i Førde.

## 4

**Set inn ein subjunksjon som fortel om årsak eller følgje.**

Han vart for sein på skulen \_\_\_\_\_ bussen ikkje kom.

Bussen kom ikkje \_\_\_\_\_ han kom for seint.

Leo hadde på seg for lite kle \_\_\_\_\_ han vart forkjølt.

Leo vart forkjølt \_\_\_\_\_ han hadde på seg for lite kle.

Han drakk mykje vatn \_\_\_\_\_ han var så tørst.

Han vart bilsjuk \_\_\_\_\_ han kasta opp.

## 5

**Set inn ein subjunksjon som fortel om føremål, vilkår eller motsetning.**

Han kom tidsnok til skulen \_\_\_\_\_ bussen var for sein.

Dei starta i språkpraksis \_\_\_\_\_ dei skulle få trening i munnleg norsk.

\_\_\_\_\_ bussen kjem til rett tid, blir han ikkje for sein.

Ho klatra opp fjellveggen \_\_\_\_\_ ho hadde høgdeskrekk.

Eg kan hjelpe deg \_\_\_\_\_ du vil.

Kan du skru på lyset \_\_\_\_\_ eg kan sjå betre?

Eg kan dessverre ikkje bli med på tur \_\_\_\_\_ eg har veldig lyst.

Han stod opp ti minutt tidlegare \_\_\_\_\_ han ikkje skulle kome for seint.